



Midt-Telemark kommune
Postboks 83
3833 BØ I TELEMARK

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kristin Bjerkeseth Vindvad, 33372320

Fråsegn til planvarsel - planprogram på høring - Midt-Telemark - kommunedelplan for Lifjell 2023 - 2033

Vi viser til oversending frå Midt-Telemark kommune datert 21.03.2022.

Saka gjeld

Saka gjeld varsel om oppstart av planarbeid og høyring av forslag til planprogram for rullering av kommunedelplan for Lifjell, Midt-Telemark kommune.

I planprogrammet er det vist til at området er eit viktig rekreasjonsområde og reiselivsmål for innbyggjarane i kommunen, og er inngangsporten til høgjellet frå Bøsidan. Gjeldande plan for området viser område for fritidsbustader og Lifjell som reiselivsdestinasjon. Ny kommunedelplan for Lifjell vil erstatte gjeldande kommunedelplan for området.

Rolla til fagavdelingane til Statsforvaltaren

Statsforvaltaren sine fagavdelingar skal med heimel i plan- og bygningslova § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unge sine interesser, og gravplassar. For ordens skuld minner vi om at forslag som er i strid med nasjonale eller vesentlege regionale interesser, kan gi grunnlag for motsegn frå Statsforvaltaren.

Vurderingar frå Statsforvaltarens fagavdelingar

Generelt

Kommunen er planmynde, og har ansvar for å vedta arealplanar i samsvar med plan- og bygningsloven. Det er ein føresetnad at planane kommunen vedtar er innanfor rammene av gjeldande statleg politikk og føringar. Gjeldande kommunedelplan er frå 2014, og sidan den gong har det komme fleire endringa ri nasjonale føringar til kommunal planlegging. Oppdaterte føringar må leggest til grunn for arbeidet med ny kommunedelplan. I det følgjande gjer vi greie for



interessene Statsforvaltaren er sett til å vareta, og som vi forventar at blir følgt opp i det vidare arbeidet.

På miljøområdet anbefaler vi at kommunen gjer seg kjent med rundskriv T-2/16 frå Klima- og miljødepartementet, *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis* (revidert februar 2021). Rundskrivet gir ei oversikt over kva miljøomsyn staten meiner skal varetakast i den kommunale planlegginga.

Vi anbefaler at eit viktig tema i arbeidet blir å gjennomgå ikkje realiserte byggeområde i kommunedelplanen, og på grunnlag av ny kunnskap og nye føringar identifisere område som t.d. bør til bakeførast til LNF-område fordi dei er i strid med omsynet til jordvern, naturmangfald, myr o.l., eller som det ikkje er behov for. Dette bør nemnast i planprogrammet. Kommunen må vidare ikkje legge opp til ei større utbygging enn det det reelt er behov for.

Vi viser elles til at Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) nyleg har utarbeidd rettleiaren *Arealdelen i kommuneplanen*, sjå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kpa/id2904728/>. Rettleiaren er meint som eit praktisk hjelpemiddel til kommunen og gir svar på vanlege spørsmål og problemstillingar, og gjeld òg for kommunedelplanar.

Konsekvensutgreiing

Kommunedelplanen er omfatta av krav til konsekvensutgreiing, jf. forskrift om konsekvensutgreiingar § 6 og plan- og bygningslova kapittel 14. Vi saknar at planprogrammet gir ei nærare omtale av forholda som skal greiast ut, og kva metodar som skal nyttast i arbeidet.

I forskrift om konsekvensutgreiingar § 14 om krav til innhaldet i planprogram står det at eit planprogram skal innehalde ei skildring av a) planen eller tiltaket, det rørte området og dei problemstillingane som blir sett på som viktige for miljø og samfunn, b) forholda som etter kapittel 5 skal greiast ut, og kva metodar som er tenkt nytta for å skaffe nødvendig kunnskap, c) relevante og realistiske alternativ og korleis desse skal vurderast i konsekvensutgreiinga og d) planprosessen med fristar, deltakarar og plan for medverknad. Vi viser òg til plan- og bygningslova § 4-1.

I forskrift om konsekvensutgreiingar § 13 tredje ledd står det at for kommuneplanens arealdel skal forslaget til planprogram skilje mellom krav til utgreiing av enkeltområde og krav til utgreiing av planen som heilskap. Tilsvarande gjeld òg for kommunedelplanar. Planmynda skal klargjere kva dokumentasjon som skal følgje forslag til nye utbyggingsområde.

Berekraft

Vi saknar ei nærare drøfting av målsettingar om berekraft i samband med rullering av kommunedelplan for Lifjell. I *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023* står det at kommunane skal legge FNs berekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. Dette må takast inn i planprogrammet, og det bør drøftast kva dette betyr for kommunedelplan for Lifjell og korleis planlegginga kan bidra til at vi når måla.

Vi viser til Meld. St. 40 (2020-2021): «Mål med mening: Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030». Sjå òg Kommunal- og moderniseringsdepartementet si rettleiing om korleis integrere berekraftsmåla i planlegging: https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-ogeiendom/plan_bygningsloven/planlegging/fagtema/baerekraft_i_planlegging/id2846205/.

Regjeringa har vedtatt at FNs berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar. For Noreg er dei største utfordringane knytt til berekraftsmåla om



klimagassutslepp, natur, ressursbruk og forbruk. Regionale og lokale mynder har eit særskilt ansvar i å følgje opp berekraftsmåla. Ifølgje FN kan to tredelar av delmåla berre bli nådd gjennom lokal innsats. Her er innsatsen og kunnskapen til kommunane avgjerande for å kunne konkretisere arbeidet, identifisere målkonfliktar og treffe dei rette tiltaka. Planlegging etter plan- og bygningslova skal tilrettelegge for kunnskapsbaserte og demokratiske avgjerder om framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og er eit sentralt verktøy for oppfølging av berekraftsmåla.

Naturmangfald

Nasjonal politikk på naturmangfaldområdet går fram av kapittel 3.6 i Klima- og miljødepartementets rundskriv T-2/16, Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet, sist revidert februar 2021. Naturkvalitetar omtalt i rundskrivet er å sjå på som nasjonale interesser som det skal leggest stor vekt på i planprosessen.

Kunnskap om viktige naturkvalitetar går blant anna fram av Naturbase (Miljødirektoratet) og Artskart (Artsdatabanken). Kunnskapen om og kartlegging av viktige naturkvalitetar er likevel varierende. I planområdet kan det derfor vere viktige naturkvalitetar som ikkje går fram av tilgjengelege databasar. Dersom det blir vurdert å vere potensial for forekomst av naturkvalitetar av opptil nasjonal interesse i planområdet, bør det gjerast nye utgreiingar etter standard metodikk for å skaffe fram eit oppdatert kunnskapsgrunnlag.

Innanfor planavgrensinga er det ganske store areal med eldre barskog (hogstklasse 5). Her er det generelt stort potensial for forekomst av naturkvalitetar av opptil nasjonal interesse, mellom anna knytt til naturtypene «gammel granskog» og «gammel furuskog». Areal som er foreslått endra frå LNF til byggeområde bør derfor undersøkast etter standard metodikk (Miljødirektoratets instruks, NiN). Slike utgreiingar bør gjennomførast på eit overordnet plannivå, på bakgrunn av at interesseavvegingar med omsyn på naturmangfald i nokre tilfelle er avgjerande for om føreslåtte byggeområde kan realiserast eller ikkje og for å skape tilstrekkeleg føreseieleg vilkår. Dette gjelder til dømes der større delar av eit foreslått byggeområde har naturkvalitetar av nasjonal interesse. Vi rår også til at det også blir gjort tilsvarande utgreiing av naturmangfald for eksisterande område der det ikkje er utarbeidd reguleringsplan, dersom naturmangfaldet i området tidlegare ikkje har vore utgreidd.

Vi registrerer at kommunen har spela inn og foreslått NiN-kartlegging. Etter det vi har kjennskap til nå er ikkje dette området planlagt utgreidd i løpet av 2022 i regi av Miljødirektoratet. Kommunen må derfor sjølv ta initiativ til og få kartlagt naturmangfald innanfor planområdet, der det er naudsynt.

Vi ser at det er enkelte mindre myrareal innanfor planområdet, også innanfor byggeområde i gjeldande plan. Noko av dette kan vere naturtypar av opptil nasjonal interesse etter Miljødirektoratets instruks. Det bør derfor gjerast kartlegging av myrer innanfor planområdet etter instruksen, og desse bør eventuelt tilbakeførast til LNF-område.

Vi minner om at naturmangfaldloven §§ 8 – 12 skal leggest til grunn i alle saker som kan røre ved naturmangfald, og at vurderingane skal synleggjerast i saka. Vi oppfordrar til at vurderingane etter disse prinsippa blir integrert i vurderinga av dei konkrete naturkvalitetane som finst i planområdet, slik at det går fram av saka kva for interesser og omsyn som det er lagt vekt på i den konkrete utforminga av planen.



Om alpinbakkar og forholdet til bekkar

Planprogrammet reiser sjølv spørsmål om planlagt omfang av alpinheisar og nedfartar; sjå kap. 7. Her blir det sagt (midt på side 8) følgande om dette temaet: «Gjeldande plan legg opp til ei omfattande utbygging av alpinheisar og nedfartar. Det må vurderast i planarbeidet om dette er ein ønskja arealbruk. Mellom anna kan ein gjennomgang av den regionale reiselivsstrategien og klimaprognoane for området bidra til ei overordna vurdering.»

Vi har sett at alpinbakkar (nedfartar) i gjeldande planforslag til dels er lagt heilt over bekkeløp. Dette gjeld særleg alpinanlegg som ennå ikkje er bygd sør for setra Knalian på eigendomen gbnr. 9/65, og det rammer ein bekk frå Fjellstuldalen – Skåråfjell, der den nordre nedfarten over ei strekning på ca. 800 meter er planlagt over bekkeløpet. Også andre nedfartar i dette løypenettet dekker over eksisterande bekker som er sideløp til hovudbekken frå Fjellstuldalen – Skåråfjell.

Vi ser at ei slik planløsning er i strid med forskrift om rammer for vassforvaltninga, rikspolitiske retningslinjer for vern av vassdrag; 016/6 Lifjellområdet og vannressurslovens føresegner om kantvegetasjon.

Vassforskrifta inneber forbod mot å forringe økologisk eller kjemisk tilstand i vassførekomstane. Desse skal om nødvendig forbetrast/restaurerast med sikte på god økologisk og kjemisk tilstand, jf. forskriftas § 4. Fysiske inngrep i bekkeløp og -sider, eventuelt lukking i rør delar av strekninga, må i utgangspunktet forventast dersom det skal opparbeidast ein alpinbakke over bekkeløpet i samsvar med gjeldande kommunedelplan. Slike tiltak vil utan tvil representere forringing av bekkens økologiske tilstand, sjølv om tiltaket på sikt ikkje vil medføre forureining av bekkevatnet.

Vassdragsnaturen i Lifjellområdet blei verna mot kraftutbygging i 1986 som ledd i Stortingets verneplan III og utvida gjennom vernevedtak i 2005. Lifjellområdet er eit fjellområde som ikkje har blitt gjenstand for vasskraftutbygging, noko som er ein spesiell situasjon i denne delen av fylket. Verneområdet er attraktivt med store høgdeforskjellar frå høg fjell til lågland. Botanikk og fauna inngår som viktige delar av naturmangfaldet. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (RPR-VV) legg føringar for forvaltninga av vassførekomstane og nedbørfeltet.

Vi legg til grunn at retningslinjene også gjeld den aktuelle bekkken som ved utløpet (samløpet) med Åseåa har eit nedbørfelt på 2,63 km² og ei berekna årsmiddelvassføring på ca. 60 liter/sek og ei alminneleg lågvassføring på 1,3 liter/sek. [KILDE: NVE NEVINA] Vi legg følgjeleg til grunn at bekken kor det over betydelege strekningar er planlagt alpinbakkar (nedfartar), er omfatta av RPR-VV inkl. vassdragsbeltet på 100 meter til kvar side av bekken. Vi viser her til RPR-VV pkt. 1 Retningslinjenes virkeområde, andre ledd.

Som kjent har vassressurslovens § 11 føresegner om kantvegetasjon; «Langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring skal det opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr» (utdrag fra første ledd). Vi legg til grunn at opparbeiding av alpinbakkar (nedfartar) vil kome i strid med denne føresegna om kantvegetasjon. Flyfoto av eksisterande nedfartar lengre sør (Lifjellvegen – Bråten) understøttar våre vurderingar.

På denne bakgrunnen vurderer vi at nokre av dei planlagde alpinløypene/nedfartane i gjeldande kommunedelplan som ennå ikkje er bygd – i nedbørfeltet til bekk frå Fjellstuldalen/Skåråfjell – bør takast ut av planen i den føreståande rulleringa. Vi vurderer at planlagde nedfartar i hovud- og sideløp til den aktuelle bekkken er strid med vassforskrifta, RPR for verna vassdrag samt vassressurslovens føresegner om kantvegetasjon.



Overvasshandtering

Utbygging av nye hytteområde vil i utgangspunktet føre til ein vesentleg høgare avrenningsintensitet frå det aktuelle området samanheldt med situasjonen før utbygging. Dette har samanheng med at arealdelen av tette flater, så som takflater, asfalterte vegar, parkeringsareal m.m. vil få ein vesentlege høgare avrenningsintensitet enn før utbygging.

Dette vil i så fall føre til kraftigare flaumar i vassdrag nedstrøms utbyggingsområdet, noko som kan innebere erosjonsskader i bekkeløpet, overfløymingar med fare for alvorleg skade på bygningar, vegar, kablar og anna infrastruktur i bakken eller erosjonsskader på jordbruksareal.

Det bør derfor planleggast fordryingstiltak i overvasshandteringa med sikte på at avrenningsintensiteten ved kraftig nedbør ikkje skal auke samanheldt med situasjonen før utbygging.

Publikasjonen *Klimaprofil Telemark* frå Norsk klimaservicesenter 2017 kommuniserer at episodar med styrtregn vil auke i frekvens og intensitet utover i dette hundreåret. Dette underbygger ytterlegare behovet for å kontrollere overvassavrenninga med sikte på å unngå auke i avrenningsintensiteten.

Som kjent spiller myrer ein viktig rolle i å magasinere nedbør og forseinke avrenninga. Dette er ein av grunnane til dei nasjonale føringane om å unngå bygging på myr, sjå f.eks. *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning*. Den andre hovudgrunnen er å unngå frigjering av klimagassar ved utbygginga gjennom graving, masseutskifting osv.

Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen har ansvar for å fremme samfunnstryggleik og førebygge risiko i rolla som planmynde. Dette kjem i tillegg til den generelle beredskapsplikta til kommunen. På kommuneplannivå er det god moglegheit til å sjå farar og behov for sikringstiltak i eit meir heilskapleg perspektiv. Overvasshandtering, støyhandtering, flaum- og skredsikring er døme på arealkrevjande sikringstiltak som best blir varetatt på overordna plannivå. Vi anbefalar DSB sin rettleiar *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging* (2017) og tilhøyrande sjekklister.

Plan- og bygningsloven stiller krav om risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) av planområde som viser alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av den planlagde utbygginga, jf. plan- og bygningslova § 4-3. ROS-analysen skal vere basert på oppdatert rettleiingsmateriell, og vi viser til DSB sin rettleiar *Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging* (2017) og tilhøyrande sjekklister, og dessutan *Klimahjelperen* (2015) og *Sjekklister til ROS-analyser til planer* (2018). Resultata av ROS-analysen skal innarbeidast i planomtalen.

ROS-analysen skal som eit minimum innehalde konkrete vurderingar av faremomenta, kva kjelder og opplysningar som er lagt til grunn for vurderingane og fagmiljøet/institusjonane som har vore involverte i analysearbeidet. ROS-analysen skal vere ein premiss for planforslaget, inkludert føresegner. Dersom vurderingane konkluderer med at det må setjast i verk tiltak for å hindre uønskte hendingar, skal desse tiltaka bli gitte ei grundig skildring i analysedelen jf. plan- og bygningslova § 4-3. Vidare skal nødvendige risiko- eller konsekvensreducerande tiltak som kjem fram av ROS-analysen, bli reflektert i reguleringsføresegnene. Område med risiko og sårbarheit skal merkast av i planen som omsynssone, jf. § 11-8 og 12-6.



Klimatilpassing

Det må gjennomgåande takast omsyn til forventna framtidige klimaendringar gjennom klimatilpassing av planar for utbygging, sjå *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing* (2018) og tilhøyrande rettleiar om klimatilpassing. Rettleiing om korleis ein kan ta omsyn til klimaendringar i arealplanlegging er gitt i DSB sin temarettleiar *Klimahjelperen, Klimaprofil for Telemark* og NVE sitt faktaark 7/2018 *Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen*.

Når konsekvensane av klimaendringane blir vurderte, skal høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar leggst til grunn. I klimaprofilen for Telemark blir det mellom anna førespegla eit auka sannsyn for intens korttidsnedbør og problem med overvatn, auka fare for jord-, flaum- og sørpeskred som følgje av auka nedbørsmengder, fleire og større regnflaumar og auke i flaumvassføring i bekker og elvar. Dette vil stille større krav enn tidlegare til å planlegge for handtering av slike utfordringar. Her minner vi òg om at utbygging også kan auke påkjenninga for areal nedanfor.

Ved planlegging av nye område for utbygging, skal det vurderast korleis det kan takast omsyn til eit endra klima. Det bør leggst vekt på gode heilskaplege løysingar og å ta vare på økosystem og arealbruk med tyding for klimatilpassing. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Overvasshandtering blir eit viktig tema ved tett utbygging av fritidsbustader. Å ta vare på, restaurere eller etablere naturbaserte løysingar (våtmarker, myr, bekker, grønne tak) bør vurderast. Dersom andre løysingar blir valde, skal det grunngiast kvifor naturbaserte løysingar er valde bort, jf. *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing* (2018).

Vi ser at det i gjeldande kommunedelplan for området er vist omsynssoner aktsemdområde for skred, som framleis vil gjelde og må ligge til grunn for rulleringa. Vi viser elles til NVE som fagmynde for flaum, overvatn og skred.

For planar med skog- og myrområde

Klimagassutslepp som følgje av arealbruksendringar har fått auka merksemd i den seinare tida. Miljødirektoratet framhevar i brev til Klima- og Miljødepartementet av 29.06.2020, at nedbygging eller omdisponering av naturområde som skog eller myr, som inneheld store lager av karbon, medfører auka klimagassutslepp og dessutan at det reduserer potensielt framtidig opptak av karbon frå dei aktuelle areala. Ved utarbeiding av eit budsjett for klimautslepp som følgje av arealbruksendringar, forventar vi at ein går detaljert til verks i form av at ein gjer ei grov inndeling i djupe og grunne myrar. Vi gjer oppmerksom på at myr djupn er tilgjengeleg i [Kilden](#) (kartløyving frå NIBIO med diverse arealinformasjon). For store myrareal som kan bli rørt av tiltaket, bør faktisk myr djupn målast.

For omdisponering av myr har Regionale klimaplanar for Telemark/regional planstrategi for Vestfold og Telemark strategi for auka karbonbinding i jord, som inneber å ta særskild vare på og å unngå omdisponering av myrområde og eldre skog. Det er derfor tilrådd at tomter blir lagt utanfor slike område.

Landbruk

Jordvern er ei nasjonal interesse. Det er eit nasjonalt mål å få til ein kraftig reduksjon i årleg omdisponering av dyrka mark. Også dyrkbar jord blir omfatta av jordvernet og skal takast vare. Landbruksavdelinga til Statsforvaltaren minner om at jordvernet er ytterlegare skjerpt gjennom



oppdatert jordvernstrategi 2021 (Prop. 200 S (2020–2021)), som legg til grunn at årleg omdisponering av dyrka mark skal vere under 3000 dekar innan 2025, jf. punkt 2. I ny regjeringsplattform står det at regjeringa ønsker å skjerpe dette målet ytterlegare, og at jordvern skal vere eit overordna omsyn i arealforvaltninga.

Vi vil vidare peike på at det må leggest til rette for beitebruk og naturressursane som er grunnlag for dette. Det gjeld også avsnøring av beiteområde og tilpassing mellom ulike brukargrupper i fjellet. Vi viser her til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, s. 13.

Avløp

Klima- og arealendringar aukar belastninga på avløpsinfrastrukturen. Kommunen må vurdere avløpssituasjonen i område som blir planlagt utbygd, inkludert fritidsbusetnad. Det må planleggast og tilretteleggast tiltak på avløpsnett som avgrensar forureining på avege, og reduserer mengda framandvatn inn på reinseanlegga.

Ved planlegging av nye utbyggingsområde og utvidingar av eksisterande område for fritidsbusetnad, minner vi om at storleiken på områda (tettbebyggelsen) må vurderast, jf. forureiningsforskrifta § 11-3 bokstav k. Storleiken på området har betydning for kven som er forureiningsmynde og kva minimumskrav som følgjer av forskrifta, jf. kap. 12, 13 og 14.

Vi anbefalar at det i overordna planar blir tatt med rekkefølgekrav i planføresegnene som sikrar tilkopling til avløpsanlegg med tilstrekkeleg kapasitet som blir drifta innanfor løyve etter forureiningslova. Tilknyttingar til avløpsanlegg som ikkje overheld reinsekrav eller ikkje har kapasitet medfører ulovleg forureining, uavhengig av storleiken på anlegget og kven som er mynde.

Støy

Vi gjer oppmerksom på *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* T-1442/2021, vedtatt 11.06.2021. Vi viser særleg til anbefalingane i T-1442/2021 knytt til stille område. Retningslinja understrekar at i større upåverka naturområde, som naturområde i fjellet, er all høyrbar framand lyd i utgangspunktet uønskt. Retningslinja seier at stille område bør synleggjerast og givast vern gjennom kommune(del)planen. Ho seier vidare at støyande anlegg og verksemd bør lokaliserast og utformast slik at støynivået ikkje aukar i stille område som er avsette i kommunedelplanen, i natur- og friluftsområde og i verneområde der fråvær av støy er viktig for verneformålet.

Omsynet til støy må bli tilfredsstillande greidd ut og varetatt i samsvar med retningslinja, inkludert støy i anleggsfasen.

Landskap

Planar skal bidra til å sikre kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap, jf. plan- og bygningsloven § 3-1 bokstav b. Gjennom Europarådets landskapskonvensjon har Noreg forplikta seg til å fremje vern, forvaltning og planlegging av landskap. Det er viktig at konsekvensane for landskapet blir tilstrekkeleg greidd ut. Vi legg til grunn at omsynet til landskapet blir lagt vekt på, og at det blir tatt sikte på å velje løysingar som i størst mogleg grad varetar dette.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023 vedteken 14. mai 2019, seier at «Regjeringa legg vekt på at utbygginga skjer på ein måte som sikrar kvalitet i områda», jf. side 18. Vidare heiter det at:



Av omsyn til friluftsliv, landskap og naturmangfald er det viktig å unngå etablering av nye hytteområde over skoggrensa. Samanhengande grønstrukturar og god landskap- og terrengtilpassing av infrastruktur og busetnad er viktig. Det er også viktig å bevare større, samanhengande område utan hytter i fjellområde med stort press på areala.

Rettleiaren *Planlegging av fritidsbebyggelse T-1450*, frå 2005, slår fast i punkt 4.5 på side 16-17 at:

Kommuner som tidlegare har godkjent hytteområder i eksponerte snaufjellsområder, bør revidere kommuneplanen med tanke på å ta ut særlig uheldige hyttelokaliseringsplaner i eldre, ikke realiserte planer. Etablering av nye hytteområder i snaufjellet bør unngås. Dersom hyttebygging skal kunne tillates i områder med lite vegetasjon, bør det skje som fortetting etter en grundig vurdering av landskapsvirkningene. Lokalisering og gruppering av hyttene vil være særlig viktig i slike åpne områder.

I rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet*, revidert februar 2021, er det trekt fram i punkt 3.6 at: «Naturområder som i kraft av sin størrelse, urørthet, beliggenhet og sammenheng er viktige for arealkrevende arter, som regional økologisk infrastruktur, for klimatilpassning og friluftsliv.»

Vi oppfordrar ut frå dette kommunen om å gå gjennom gjeldande plan og vurdere på nytt eksisterande område som er lagt til rette for over tregrensa. I planforum blei det opplyst at tregrensa i området ligg på ca. 700 m.o.h. Ei utbygging i eit sårbart terreng som kan gje nær- og fjernverknader bør unngåast, det gjeld både vidareføring av tidlegare planlagde hytteområde og tilrettelegging av nye område over tregrensa.

Lysforureining

Det er positivt at planprogrammet inkluderer lysforureining som eit tema som skal utgreiast. Dette er ei sentral problemstilling i større hytteområde i fjellet. Kommunane har heimel til å stille krav og kan regulere og legge føringar på lysbruk. Vi minner om at lysforureining har betydning både for menneske (moglegheit til å sjå stjernehimlen, opplevinga av landskap) og for naturmangfald (t.d. insekt). Regulering av lysforureining må derfor ikkje berre ta utgangspunkt i menneskelege omsyn. Dette er særleg aktuelt nær verneområde og andre viktige naturområde.

Barn og unge

Konsekvensane for barn og unge som følgje planlagt utbygging må vurderast. Vi viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementets rettleiar *Barn og unge i plan og byggesak*, sist revidert oktober 2021.

Vi viser vidare til *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen*, og minner om krava til fysisk utforming av areal for barn og unge i punkt 5. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og annan helsefare. Dei skal vere store nok, eigna for leik og opphald, gi moglegheiter for ulike typar leik til ulike årstider, og kunne brukast av ulike aldersgrupper. Nærfriluftsområda til hytteområda er særleg viktig for å sikre kvalitet for barn og unge.

Folkehelse og universell utforming



Plan- og bygningslova § 3-1 slår fast at planlegging etter lova skal legge til rette for gode bu- og oppvekstmiljø og framme helsa til befolkninga. Befolkningas tilgang til samanhengande grøne areal må vektleggast for å sikre folkehelse, jf. folkehelselova. Regjeringa sin handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029, *Sammen om aktive liv*, understrekar at fysisk aktivitet er ei nasjonal interesse som skal varetakast i samfunns- og arealplanlegging. Fokuset er på nærmiljøet og aktivitet for alle, særleg moglegheitene for lek, kvardagsaktivitet, gonge og sykling. I tillegg til grøntområde og nærturterreng må kommunen derfor ha fokus på å legge til rette for attraktive, bilfrie gang- og sykkelsamband.

Formålsparagrafen i plan- og bygningslova § 1-1 seier at prinsippet om universell utforming skal varetakast i planlegginga. Dette inneber at kommunen i arbeidet med kommunedelplanen må sikre at universell utforming blir tilstrekkeleg varetatt, inkludert i planføresegnene. Dette gjeld alle offentleg tilgjengelege utbyggingsformål, også område for fritidsbustad. Det er derfor viktig at fellesanlegg blir utforma i samsvar med prinsippet om universell utforming.

Friluftsliv

Omsynet til friluftsliv må greiast ut og varetakast ved avsetting av nye område for fritidsbustader. Det må særleg takast omsyn til registrerte viktige og svært viktige friluftsområde og til statleg sikra friluftsområde (sjå Naturbase). I rundskriv T-2/16, punkt 3.10 om friluftsliv, er viktige og svært viktige friluftsområde vurdert å vere ei nasjonal interesse, i tillegg til andre område med nasjonal eller viktig regional betydning som friluftsområde.

Vi minner elles om viktigheita av å sikre allmennheita sin tilgang til attraktive område som t.d. areala langs vatn og vassdrag, og om betydinga av nærturterreng og grøntareal i tilknytning til fritidsbustader. Omsynet til friluftsområde må òg varetakast når det gjeld støypåverknad, sjå avsnittet om støy.

Med helsing

Grethe Helgås (e.f.)
direktør

Kristin Bjerkeseth Vindvad
fagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat
Vestfold og Telemark fylkeskommune
Statens vegvesen - Transport og samfunn

Postboks 5091 Majorstua
Postboks 2844
Postboks 1010 Nordre Ål

0301 OSLO
3702 SKIEN
2605 LILLEHAMMER